

Møteinnkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Teams/Folgefonnssenteret
Dato: 02.12.2020
Tidspunkt: 09:30 – 12:00

Forfall må meldast så snart som mogleg på e-post: folgefonna@fylkesmannen.no eller på telefon: 40904341. Vararepresentantar får kopi av innkallinga og møter etter nærare beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: www.miljovedtaksregisteret.no.

Program

- Orientering frå forvaltarane om året som har gått og oversikt over tiltak
- Bestillingsdialogen med SNO
- Styremøte

For dei som skal sende reiserekning og krevje møtegodtgjersle:

1. Først må du registrere deg via denne lenka:

«Skjema for registrering av mottakarar som skal ha godtgjering»

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/edocument.viewer/fylkesmannen/eksterne>

2. Den enklaste måten å registrere møtegodtgjersle og reiserekning er gjennom appen «DFØ-app»

For hjelp til dette, sjå: «Selvbetjening for honorarmottakere»

<https://dfo.no/kundesider/lonn/selvbetjening-for-honorarmottakere>

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 43/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 44/20	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 45/20	Handsaming av klage - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen		2020/12839
ST 46/20	Søknad om midlar til drift av styret - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021		2020/364
ST 47/20	Søknad om tiltaksmidler 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2020/364
ST 48/20	Bestillingsdialogen for 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2020		2020/364
ST 49/20	Oppnemning av fagleg rådgjevande utval - Folgefonna nasjonalparkstyre 2020		2020/364
ST 50/20	Framlegg til endeleg vedtak - Besøksstrategi Folgefonna		2020/446
ST 51/20	Referatsaker		
RS 3/20	Referatsak - Moglegheitstudie av Isvegen - Sundal		2020/13261
RS 4/20	Referatsak - Samarbeidsmøte med Kvinnherad og Ullensvang kommune		2020/364
ST 52/20	Delegerte saker		
DS 35/20	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - atv- transport av felt storvilt - Ænesdalen		2020/14469
DS 36/20	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for vitenskapelige undersøkinger - Bondhusdalen landskapsvernområde		2020/14272
DS 37/20	Delegert vedtak - Forlenga løyve til bruk av drone - Informasjonsfilm - Besøkssenteret Folgefonna		2020/9776
ST 53/20	Eventuelt		

ST 43/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 44/20 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2020/12839-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 19.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	45/20	02.12.2020

Handsaming av klage - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar kjem ikkje med nytt framlegg til vedtak.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå Endre Mehl med kart, datert 21. august 2020
 - o Skriv frå Kvinnherad kommune ved landbrukskontoret
 - o Utskrift frå jordregisteret frå 1955 frå gnr/bnr 87/12
 - o Notat Arealbehov og inntekt etter antall dyr
- Vedtak i Folgefonna nasjonalparkstyre ST 38/50, datert, 02. oktober 2020
- Klage frå Fylkesmannen i Vestland, datert 23. oktober 2020

Vurdering

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i styresak 38/20 på styremøte 24. september 2020 og med partsbrev sendt ut 2. oktober 2020 løyve til nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde.

Fylkesmannen påklaga dette vedtaket med brev datert 02. oktober 2020. Miljødirektoratet har fastsett vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre gjeldande frå 1. januar 2020. I tråd

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



med punkt 2 i disse vedtektene forvaltar styret verneområda innafor ramma gitt av naturmangfaldlova og verneforskrifta. Punkt 12 gjev Fylkesmannen klagerett på vedtak fatta av nasjonalparkstyre, jf. § 62 i naturmangfoldlova. I følge forvaltingslova § 29 er klagefristen for enkeltvedtak tre veker frå underretning om vedtaket har komme fram til partane.

Vedtaket til nasjonalparkstyret vart sendt ut med brev 02. oktober og klagen frå Fylkesmannen vart motteke 23. oktober. Klagefristen er oppretthalde og forvaltar meiner at klagar oppfyller dei andre krava som krevst av forvaltingslova § 28 til 32 og difor skal klagen handsamast av nasjonalparkstyret.

Konklusjonen til Fylkesmannen:

"Fylkesmannen meiner at den omsøkte nydyrkinga på gnr. 87 bnr. 12 i Hattebergsdalen landskapsvernområde vil vere i strid med verneformålet og verke inn på verneverdiene. Vi meiner omfanget av tiltaket, den lange perioden nydyrkinga kan gå føre seg og nærleiken til verna vassdrag taler i mot å gje dispensasjon til denne nydyrkinga. Dispensasjonen i Folgefonna nasjonalparkstyre er, etter Fylkesmannen sitt syn, ikkje tilstrekkeleg grunngjeve i tråd med naturmangfaldlova § 48, jf. § 7."





Arkivsaksnr: 2020/364-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	46/20	02.12.2020

Søknad om midlar til drift av styret - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek driftsbudsjett for 2021 og forvaltar sender budsjettforslaget til Miljødirektoratet. Styret vedtak plan for kartleggingar, forvaltingsplan og bevaringsmål og sender søknad til Miljødirektoratet.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet nyttar eit elektronisk søknadssenter til innmelding av behov for driftsmidlar, tiltaksmidlar og midlar til kartlegging og planarbeid for nasjonalparkstyra. Fristen for å melde inn er 10. januar 2021 og forvaltar melder inn på bakgrunn av budsjett og planar vedteke av nasjonalparkstyret.

Driftsmiddel til verneområdestyre

Forslag til driftsbudsjett for 2021 er vist under. Utrekningane er basert på ein møteplan og Statens Personalhandbok sine satsar for godtgjersle for statleg oppnemnte utval.

<i>Folgefonna nasjonalparkstyre</i>	<i>Budsjett 2021</i>
Møtegodtgjersle	57 072
Reiseutgift	23 338
Møteutgift	40 000
Sum Folgefonna nasjonalparkstyre	120 410
Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Møtekostnader rådgjevande utval	5 000
Sum Rådgjevande utval	11 000
Sum driftsutgifter	131 410

Utkast til møteplanen som er lagt til grunn for budsjettet

Møtedato	Type
Februar 2021	Styremøte m/fagleg rådgjevande utval
Juni 2021	Styremøte m/synfaring
September 2021	Styremøte m/synfaring
Nov/Des. 2021	Styremøte

Ferdselsteljarar

Miljødirektoratet har ein samla pott på ferdselsteljarar for alle verneområda i landet. Behov for ferdselsteljingar meldast inn og teljarar vert fordelt i landet etter behov til lokalt SNO. Forvaltar legg fram forslag om å søkje om teljarar til desse lokalitetane:

Kor	Skildring	Stk
Bondhusdalen	Det har vore eit høgt trykk av besøkande i Bondhusdalen i mange år, men det er grunn til å tru det er ein auke i teltande. Bondhusvatnet er drikkevasskjelde og det er no stor slitasje i området rundt vatnet. Treng teljarar ved vegskilje inn i dalen for å se kva område som blir mest nytta. Føreslår teljarar ved vegen til Bondhusvatnet, stiskiljet til Gardshamarvegen, og bru i enden av Bondhusvatnet	3
Hattebergsdalen	Har søkt om teljar her i fleire år då det er mange besøkande og behov for å kartlegge kor mange som går i området i samband med prosjekt tursti rundt Hattebergsfossen.	2
Botsvatn-Reisete	Kanskje på tide å telje besøkande her på nytt, sidan det var usedvanlig høgt trykk på andre turar i Sørfjorden sommaren 2020.	2
Møsevatnet	Vegen opp til Møsevatnet er drifta av SKL og det er mykje besøk her i sommarhalvåret. Veldig liten p-plass som treng plass til besøk, kommersiell aktivitet og oppsyn med kraftanlegget. Har behov for ein bilteljar her.	

Forvaltingsplan og bevaringsmål

Miljødirektoratet opplyser om at nye forvaltingsplanar skal utarbeidast i eit nettbasert system. Direktoratet ber også forvaltingsmynda om å etablere bevaringsmål for minst tre tiltak (t.d. framande artar, skjøtsel av naturtyper og liknande) i samråd med SNO. Målet med bevaringsmåla er å betre eller oppretthalde ein god naturtilstand.

Kva	Kven	Kostnad
Forvaltingsplan, oppstart av revidering	Forvaltar	?
-	Treng pengar til	



	møteverksemd og liknande. Har også behov for meir arbeidskraft i planperioden.	
Kulturminnekartlegging - Dalføra i landskapsvernområda og Sandvikedalen	Ekstern konsulent	100 000,-
Kartlegge og vurdere behov for skjøtsel av haustingsskog i Bondhusdalen LVO - Lage bevaringsmål for skjøtsel av styvde almetre	Ekstern konsulent	100 000,-
Bacheloroppgåver i landskapsplanlegging - Har sendt forslag til oppgåver knytt til innfallsportar rundt Folgefonna (sommarskiseret, Reisetse, Buer, Odda- Jordal-Strond, Folgefonnsenteret-Folgefonna) - Dekker reiseutgifter for studentane	Høgskulen i Vestland	30 000,-



Arkivsaksnr: 2020/364-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 23.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	47/20	02.12.2020

Søknad om tiltaksmidler 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtar framlegg til søknad om tiltaksmiddel.

Dokument i saka

- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO – 2021

Miljødirektoratet sine rammer for forvaltning av verneområde

Det overordna målet for tiltaksmidlane er at dei skal nyttast slik at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde eller betra. Tiltak som betrar tilstanden vert prioritert i tildeling av tiltaksmidler, jf retningslinjer frå miljødirektoratet «*Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder*».

Ved fordeling av midlar til skjøtsel og besøksforvaltning skal tiltaka som gjer størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidreg til å motvirke negativ påverknad prioriterast.

Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidlar (jf vedlegg):

«Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)».

Og seier også: «Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene. For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.»

Rammer i besøksstrategien

Tiltaka skal vere forankra i forvaltningsplan eller besøksstrategi for området. Folgefonna nasjonalpark har ikkje vedtatt sin besøksstrategi.

Rammer i forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen viser til oppfølgjande tiltak som forvaltningsstyresmakta skal følgje opp i planperioden. I forvaltningsplanen er det lagt vekt på tiltak som bør skje tidleg i forvaltningsperioden, og det må difor vurderast om ein del av tiltaka i denne planen bør prioriterast.

Prioritering av tiltak

Retningslinjene frå miljødirektoratet (sjå vedlegg) viser til at direkte trugsmål som til dømes spreing av framande artar skal prioriterast, i tillegg til pågåande skjøtselstiltak og vedlikehold av eksisterande tilrettelegging.

Oversikt over tiltak 2020

Totalt var det søkt om 1 272 100 og det vart løyvd 800 000 til tiltak. Det vart nytta totalt 242 500 kroner på tiltak og kartleggingar i løpet av året.

Kva	Kor mykje?	Gjennomført?
Infopunkt Buer	200 000	Nei
Undervisnings- og informasjonsopplegg i lag med naturrettleiar	25 000	Ja
Infopunkt Langfoss	140 000	Nei/Delvis



Infopunkt Bondhusdalen	200 000	Nei
Infopunkt Folgefonna	140 000	Nei/Delvis
Nærsti Hattebergsfossen	60 000	Nei
Skilt Møsevatnet	57 100	Nei/Delvis
Infoskilt Ænesdalen	50 000	Nei
Plan for uttak av framande treslag	400 000	Delvis
Forsterke bru over Skrelet	20 000	

Fovaltar er ikkje nærare kjent med andre tiltak som er klare for gjennomføring i 2021. Difor føreslår forvaltar å vidareføre dei prosjekta som er delvis gjennomførte i 2020 med naudsynt finansiering. Elles bør ein bruke 2021 på å:

- Skaffe grunneigaravtaler for å kunne drive hogst av framande bartre i verneområda
- Få oversikt over kva tiltak som er naudsynte for å ivareta verneverdiane ved å halde tett kontakt med kommunar og lokale lag og organisasjonar.



Arkivsaksnr: 2020/364-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 19.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	48/20	02.12.2020

Bestillingsdialogen for 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2020

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre legg inn bestilling av tenester som vist under.

Saksopplysningar

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar legg fram forslag til bestilling av tenester frå SNO for 2021 til drøfting i styremøtet. Forslaget er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessantar, samt innspel og diskusjonar i styret ila hausten 2020. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom innspela og drøfte prioriteringane under møtet.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2021. Dette gjennomfører sekretariatet på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



År:	2021			
Bestiller:	Folgefonna nasjonalparkstyret			
Verneområder	Pri.	Verneområde/ innsatsområde/ lokalitet	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Dagsverk
Tilsyn/kontroll (lovpålagte oppgaver med presisering)				
Tilsyn/kontroll	1	Folgefonna nasjonalpark	Det er behov for å stadfeste og fotografere alle bygningar og tekniske installasjonar i verneområda. Per no er det to område kor det ikkje er dokumentert bygningane. Desse ligg langt frå folk og utilgjengeleg til og er ikkje stader der ein går forbi på anna tilsyn. Del 1: Hildalen	2,00
Tilsyn/kontroll	1	Folgefonna nasjonalpark	Kartlegge bygg og tekniske installasjonar. Del 2: Sandvikedalen, Mosdal, Lonane, Hjortedalen	3,00
Tilsyn/kontroll	2	Furebergsdalen, Reppadalen, Hjortedalen	Tilsyn etter hogst. Planlagte granhogstar som er gjort.	2,00
Tilsyn/kontroll	1	Bondhusdalen LVO	Tilsyn/tilstadeverande på markerte utfersdagar i sesong (juni-august). Kartlegge ferdselstrykket, særleg fokus på telting rundt vatnet (drikkevasskjelde)	3,00
Tilsyn/kontroll		Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Langebudalen LVO	Kartlegge stiar. Nokre stiar er feil merka inn på kart, bør gå med GPS for å legge dei riktig inn i kartet. Forvaltar kjem tilbake til nærare prioritering av desse.	3,00
Tilsyn/kontroll		Folgefonna nasjonalpark, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Ænesdalen LVO, Hattebergsdalen LVO, Langebudalen LVO	Følge opp styrevedtak/dispensasjonar i felt	5,00
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)				
Skjøtsel	2	Folgefonna nasjonalpark osv.	Framande bartre skal fjernast frå verneområda. Nærare skildring kjem av små hogstar/rydding som SNO kan gjennomføre	5,00



Kartlegging/registrering/overvåking (inkludert bevaringsmål)				
Kartlegging	1	Bondhusdalen LVO	3 teljarar, 1 på Isvegen (helst ein GSM-teljar for å kunne halde oversikt over behov for strakstiltak), 1 på Gardshammarvegen og 1 på bru ved søre delen av Bondhusvatnet	1,00
Kartlegging	2	Hattebergsdalen LVO	2 teljarar. 1 på grusvegen og 1 ved Kalvatrebrua	1,00
Kartlegging	2	Folgefonna NP	Møsevatnet har auka besøk. Treng ein bilteljar på vegen her. Bratt og smal veg med liten p-plass/snuplass kor det fort kan bli problem.	1,00
Bevaringsmål	2	Bondhusdalen LVO	Nasjonalparkstyret har fått i oppdrag å utarbeide tre bevaringsmål i samråd med SNO. Forvaltar føreslår å knytte desse til haustingsskogane i Bondhusdalen LVO. SNO bidreg med råd og innspel i arbeidet med å utarbeide bevaringsmål	1,00
Informasjon				
Informasjon		Folgefonna m. fl.	Vera til stades med erfaring/kompetanse på styremøte, møte med fagleg rådgjevande utval m.fl.	2,00
SUM				29



Arkivsaksnr: 2020/364-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 23.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	49/20	02.12.2020

Oppnemning av fagleg rådgjevande utval - Folgefonna nasjonalparkstyre 2020

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å oppnemne eit fagleg rådgjevande utval.

Saksopplysningar

Frå dei gjeldande vedtektene for Folgefonna nasjonalparkstyre vedteke 1. januar 2020:

«9. RÅDGIVENDE UTVALG

Styret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området, som bl.a. grunneiere, reindriften andre særlig berørte offentlige organer som for eksempel friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner, bl.a. natur- og miljøorganisasjoner og lignende. Nasjonalparkstyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.»

Medlemmer i fagleg rådgjevande utval får reisekostnader dekt gjennom nasjonalparkstyret sine driftsmidlar, men ikkje møtegodtgjersle.

Vurdering

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtok i styresak 24/16, den 21. november 2016 å opprette eit fagleg rådgjevande utval. Samansetninga av utvalet «skal fange breidda i interesseområda som er knytte til Folgefonna og kringliggande landskapsvernopråde. Det er ikkje sett opp personmedlemmar i alle kategoriar. Her skal ein be organisasjonane å kome med medlem sjølv»

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernopråde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Det vart vedteke at fagleg rådgjevande utval skal følgje styreperioden til nasjonalparkstyret. Rådgjevande utval har delteke på eitt fast åreleg dialogmøte med nasjonalparkstyret og på arbeidsmøte i samband med arbeidet med besøksstrategi. Forvaltar har teke kontakt med alle medlemmene i utvalet og bedt dei om å komme med tilbakemelding om dei er interesserte i å sitje i utvalet framover. Tabellen under viser alle medlem som er i rådgjevande utval per no og kven som har takka ja eller avslått vidare samarbeid.

Forvaltar ber styret ta stilling til kva samansetning dei ønskjer for fagleg rådgjevande utval og kor lenge ei oppnemning skal gjelde og kor tid første dialogmøte skal finne stad.

	Person	
Grunneigarar		
	Per Måkestad	Har ikkje høve til å delta
Ullensvang kommune	Bjørn Buer	Vil gjerne delta som grunneigarrepresentant
Kvinnherad kommune	Øyvind Utne	Ikkje gitt tilbakemelding
Reiseliv		
Folgefonna Breførarlag	Åsmund Bakke	Vil gjerne delta
Rosendal turisthotell	Ove Hillestad	Ikkje gitt tilbakemelding
Åkrafjorden oppleving	Nina Kaltwasser	Ikkje gitt tilbakemelding
Andre interesser		
Vasskraft - SKL	Erling Otterlei	Deltek gjerne
FNF, Hordaland	Silje Elvatun Sikveland	Ny i jobben, ventar på tilbakemelding frå eige styre
Naturvernforbundet Hordaland	Oddvar Soldal	Deltek gjerne
Norsk ornitologisk foreining, avd Hordaland	Rune Voie	Ikkje gitt tilbakemelding
Bergen og Hordaland turlag	Johnny Bjørge	Ikkje gitt tilbakemelding



Arkivsaksnr: 2020/446-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	50/20	02.12.2020

Framlegg til endeleg vedtak - Besøksstrategi Folgefonna

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek besøksstrategien.

Framlegg

Viser til vedtak i Folgefonna nasjonalparkstyre 24. september 2020.

«Det vart i møtet peika på at besøksstrategien burde fokusera på å ha ein større balansert geografisk fordeling på tiltak. Besøksstrategien bør fokusera på færre innfallsporter og mindre detaljerte tiltak på innfallsporter som har låge besøkstal. Strategien bør som hovudsak fokusera på sommarskiseret på Folgefonna, Reisetete, Buer, Bondhus, Rosendal og Langfoss. Det må i tillegg gjerast ei vurdering av om Rullestad skal ha eit auka fokus. Det vart ønska at administrasjonen omarbeidar besøksstrategien og kjem attende med eit nytt utkast.»

Etter dette vedtaket har forvaltar har gjort små endringar i teksten for å få fram styret sine meiningar i førre vedtak: Blant anna er det i kapittel 6 første avsnitt lagt til denne endringa:

"Nasjonalparkstyret ønskjer at tiltak og tilrettelegging har ein balansert geografisk fordeling med fokus på tilrettelegging der det er mykje besøk. Difor bør ein prioritere tiltak i desse områda:

- *Sommarskiseret i Jondal*
- *Reisetete*

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



- *Buer*
- *Bondhus*
- *Rosendal*
- *Langfoss"*

Elles er siste avsnitt i kapittel 7 "Konkrete tiltak knytt til innfallsportar" teke ut slik at styret sine fokusområde skildra i kapittel 6 kjem sterkare fram. Endringane er halde på eit lågt nivå og det er mindre omarbeidingar i teksten for å unngå at planen må sendast på ein ny runde med høyring og fagleg godkjenning i Miljødirektoratet. Om styret ønskjer ein meir omfattande omarbeiding av besøksstrategien føreslår forvaltar at saka vert teke opp att på eit dialogmøte med fagleg rådgjevande utval i 2021.

For nærare skildring av høyringsprosessen viser vi til saksframlegg for styremøte 24. september.

Forvaltar føreslår også og legge ved ein oversikt over saksgongen som vedlegg til besøksstrategien sjå forslag under:

Dato	Prosess	Part
2015	Oppdrag	Miljødirektoratet
20.03.2017	Melde oppstart	Nasjonalparkstyret
27.11.2017	Dialogmøte med fagleg rådgjevande utval	Nasjonalparkstyret
06.02.2018	Dialogmøte med kommunane	Nasjonalparkstyret
2018	Brukarundersøking	
03.12.2019	Fagleg godkjenning	Miljødirektoratet
11.12.2019	Vedta høyring	Nasjonalparkstyret
21.01 - 30.05.2020	Høyring	
	Endeleg vedtak	Nasjonalparkstyret



ST 51/20 Referatsaker

RS 3/20 Referatsak - Moglegheitstudie av Isvegen - Sundal

RS 4/20 Referatsak - Samarbeidsmøte med Kvinnherad og Ullensvang kommune

ST 52/20 Delegerte saker

DS 35/20 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsel - atv-transport av felt storvilt - Ænesdalen

DS 36/20 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for vitenskapelige undersøkinger - Bondhusdalen landskapsvernområde

DS 37/20 Delegert vedtak - Forlenga løyve til bruk av drone - Informasjonsfilm - Besøkssenteret Folgefonna

ST 53/20 Eventuelt